

Behandling i Formannskapet den 05.12.2011 sak 104/11

Saldering / ekstra rammestyrking sjå del av tabell side 9 i økonomiutvalet sitt forslag:

Forslag frå Hilde Kraggerud -sp

Punkt 1a vert godkjent med følgjande endringar:

	2012	2013	2014	2015
Etat for skule og barnehage	0,6	0,6	0,6	0,6
Etat for helse, sosial og omsorg	1,3	1,3	1,3	1,3

Alt anna likt fleirtalstilrådinga.

Votering:

Økonomiutvalet si fleirtalstilråding punkt 1a fekk 5 stemmer.

Forslaget frå Hilde Kraggerud om endring av punkt 1a fekk 4 stemmer, Hilde Kraggerud -sp, Sigmund Rolfsen -a, Gislaug Søyland Sele og Torbjørn Hovland -krf.

Økonomiutvalet si fleirtalstilråding punkt 1b - 9 fekk 9 stemmer.

TILRÅDING:

Budsjett 2012/Handlingsplan 2012-2015 går til kommunestyret med slik tilråding:

1. a Forslag til nettoramme for kvart rammeområde for 2012 og retningsgjevande rammer 2013-2015, slik det framgår av side 10 og 12, vert godkjent.
- b Forslag til investeringsbudsjett 2012 med tilhøyrande finansieringsplan, slik det framgår av side 21-25, vert godkjent.
- c Forslag til budsjett for 2012 for fellesinntekter/-utgifter (herunder skatt, rammetilskot, andre statstilskot, renter, avdrag, utbyte, avsetjingar og overføringar til kapitalrekneskapen og reserverte tilleggsløyvingar) side 39, vert godkjent.
2. a Forskotsskatt og forskotstrekk på formue og inntekt vert rekna etter følgjande satsar:
For personlege skatteytarar og dødsbu som vert likna etter § 15-3 i skattelova:
Skatt på inntekt (*) 11,6 % (*) Skatt på inntekt vert fastsett i h.t. det høgaste skatteøre som Stortinget vedtar.
Skatt på formue 1 %
- b Årleg marginavsetting vert sett til 9,5 % frå 2012
3. a Til finansiering av investeringar i 2012 vert det godkjent eit samla låneopptak på kr 73.540.000, som fordeler seg slik:
 - Ordinære investeringar kr 53.440.000
 - VAR-investeringar kr 14.700.000
 - Bustader vanskelegstilte (Husbanken) kr 900.000
 - Flyktningsbustader (Husbanken) kr 4.500.000

- b - Nedbetalingstid på lån 2012, ekskl. lån i Husbanken, skal ikkje overskride 25 år.
 - Nedbetalingstid på lån 2013-2015, ekskl. lån i Husbanken, skal ikkje overskride 20 år.
 - Nedbetalingstid på lån i Husbanken skal ikkje overskride 25 år.
- c Låneopptaka vert gjort i samsvar med retningslinjer og innanfor fullmakter i vedtatt finansreglement av 21.06. 2010.
4. a For lån til vidare utlån frå Husbanken (Startlån) vert det i 2012 tatt opp inntil 15 mill.kr.
- b I medhald av retningslinjene frå Husbanken krev Klepp kommune inn eit administrasjonsgebyr på ¼ % pr. utlån.
5. a Framlegg til kommunemål, indikatorar og mål 2012 vert godkjent.
- b Under fokusområde økonomi vert lagt til grunn følgjande mål – i % av driftsinntektene:
- Netto driftsresultat: Minimum 2 %.
 - Likviditet: Arbeidskapital minimum 15 %.
6. For løyvingar til vedtekne prosjektet (investeringar) som ikkje er fullførte ved årsskiftet 2012/2013 kan resterande løyving først opp i kapitalbudsjettet for 2013 eller seinare år utan ny behandling i kommunestyret.
7. Kommunale avgifter/betalingssettar vert auka slik i 2012:

Foreldrebetaling barnehagar: Gjeldande makspris (følgjer retningslinjer frå sentralt hald)	kr 2.330 pr.mnd.
Eigenbetaling omsorgstenester	4 %
Kulturskulen	4 %
Foreldrebetaling SFO	4 %
Husleige kommunale bustader	4 %
Byggjesaksbehandlingsgebyr	10 % Eiga sak
Plangebyr	10 % Eiga sak
Oppmålingsgebyr	10 % Eiga sak
Kloakkavgift	5 % Eiga sak
Renovasjonsavgift	3 % Eiga sak
Vassavgift	10 % Eiga sak
Gebyr slam	5 % Eiga sak
Feieavgift	20 % Eiga sak

8. Forslag til handlingsplan 2012-2015 for Klepp kommune vert godkjent.

9. Det blir foretatt gjennomgang av plan- og budsjettprosessen innan juni 2012.

**Det ligg føre fylgjande dissensar når det gjeld saldering av budsjettet for 2012 - 2015:
Saldering / ekstra rammestyrking:**

Fleirtalet 5 TILRÅR:

	2012	2013	2014	2015
Etat for skule og barnehage	1,0	1,0	1,0	1,0
Etat for helse, sosial og omsorg	0,9	0,9	0,9	0,9

Mindretelet (4) Hilde Kraggerud -sp, Sigmund Rolfsen -a, Gislaug Søyland Sele og Torbjørn Hovland -krf TILRÅR:

	2012	2013	2014	2015
Etat for skule og barnehage	0,6	0,6	0,6	0,6
Etat for helse, sosial og omsorg	1,3	1,3	1,3	1,3